

# FORELDREINFO FEBRUAR 2025

## FAU/SU

Det har ikkje vore møte i fora no i februar.



SU møte blir 05.03.25,  
FAU blir 02.04.25

## Den samiske nasjonaldagen 6.februar

Dei fleste trinna markerer den samiske nasjonaldagen på Vikeså skule. Nytt i år var det nye flagget me kunne heise i flaggstanga vå. Ei flott markering for å sette fokus på ei viktig folkegruppe i landet vårt, og deira tradisjonar.

4.trinn var på uteskule denne dagen, og hadde fleire aktivitetar der dei lærte om samisk kunst, kultur og språk. Lihkku Beivvin!



## Tidskapsel

I løpet av januar har alle klassane drøymt seg 50 år fram i tid, og sett på korleis ulike aspekt ved framtida kan sjå ut. Alt frå matvareproduksjon og miljø til skulesystem har dei sett for seg. Alle klassane har skrive brev til seg sjølv om 50 år, og lagt i tidskapsel saman med noko dei meiner fortel noko om kva deira aldersgruppe er opptekne av. Tidskapselen skal opnast når ungane som går på skulen er i besteforeldrealder. Det har vore eit spanande prosjekt!



Februar kvart 3. år er det stort sett revy som sit i kroppen på tilsette på Vikeså skule. Me håper de får fornøgde ungdommar i hus til vinterferien etter eit heidundrande show torsdag siste veka. Ein flott tradisjon som me håpar varer i mange generasjonar til!

Ha ein nydeleg ferie!

Mvh

*Svanhild Gjedrem*

rektor